

Saksinnmelding

Går til: Samarbeidsutvala
møte: September 2021
Sak nr: 36/21
Saksbehandler: Geir Lien

Styrking av tilbodet til pasientar med rus og psykiske helseplagar – etablering av samarbeidsstruktur

Styring av behandlingstilbodet til pasientar med ei alvorleg psykisk lidning og samstundes alvorleg rusproblemm (ROP-pasientar) er gitt prioritet både nasjonalt og lokalt. Denne pasientgruppa er og trekt fram som ei prioritert gruppe i utviklinga av helsefelleskap.

I Helse Bergen HF sitt opptaksområde har det vore fokus på denne pasientgruppa, og frå 2015 har det vore etablert ei eiga forløpsgruppe knytt til ROP pasientar. Retningslinene blei evaluert i 2018 og nye retningslinjer for ROP -forløpet i opptaksområdet til Helse Bergen HF/private ideelle institusjoner og 18 kommunar vart i september 2019 godkjent i dei overordna samarbeidsutvala.

Skal vi utvikle gode tenester til denne pasientgruppa er det trong for ei systematisk styrking av kompetansen på feltet. Det er trong for kompetansehevande tiltak både innan psykisk helsevern, TSB og i kommunane. Vi finn det og rett å utforme eit felles kompetanseprogram for kommunane og spesialisthelsetenesta. Det regionale kompetansesenterert KORUS Vest har utvikle kompetansehevande tiltak overfor kommunalt tilsette. Vi ønskjer å nytte oss av KORUS vest i arbeidet med å styrke /auke kompetansen på tverrs av fag og forvaltingsnivå

For å sikre at alle deler av tenestetilboda trekk i sama retning ser vi trong for nokre strukturelle tiltak

- Forløpsgruppe ROP
- Lokale ROP nettverk

Forløpsgruppe ROP pasientar

Etter den siste revisjon av ROP- forløpet er det trong for å oppnemnde nye representantar til forløpsgruppa. Forløpsgruppa skal arbeide for at behandlingstilbodet til pasientar med ei ROP - lidning blir utforma i tråd med dei tiltak/samarbeidsrutiner som ROP retningslinene har trekt opp.

Forløpsgruppa vil i tillegg til deltakarar frå spesialisthelsetenesta, både psykisk helsevern og TSB og brukar representasjon og ha med deltakarar frå kommunane. Forløpsgruppa vert leia

av prosjektleiar Rogar Atle Kårstad, divisjon psykisk helsevern. Forløpsgruppa vil ha følgjande medlemmer:

Forløpsleiar Roger Atle Kårstad, divisjon psykisk helsevern
2 representantar frå Bergen kommune
1 representant frå samarbeidsutvalet i Nordhordland
1 representant frå samarbeidsutvalet i Bergensregionen
1 representant frå samarbeidsutvalet i Voss
1 representant frå Psykiatrisk klinikk
1 representant frå dei private ideelle DPSa
1 representant frå dei private ideelle TSB
1 representant frå DPSa
2 representantar frå avd. for rusmedisin
1 representantar oppnemnd av ruspanelet
1 representant oppnemnd frå erfaringspanelet

Det er viktig at dei som vert oppnemnd har kjennskap til og har arbeidet med denne type problematikk.

Deltakarane i forløpsgruppa vert oppnemnde for 2 år, ut 2023. Forløpsgruppa vil i utgangspunktet ha møte to ganger i semester.

Lokale ROP nettverk

Ei tettare dialog mellom psykisk helsevern, kommunane og TSB er ei føresetnad for å sikre at pasientar innan ROP gruppa får dei tenester dei har trong for. Vi vil utnytte den samarbeidstruktur som finns idag på DPSane, DPSråda.

Desse råda har deltakarar frå DPS, kommune, TSB, Psykiatrisk klinikk og brukarrepresentasjon. Arbeid med denne pasientgruppa krev at vi styrker den faglege kompetansen til dei som arbeidar tett opp mot denne pasientgruppa. For å bidra til både ei fagleg styrking og innsikt i kvarandre sine oppdrag, vil vi rå til at DPS råda oppretter ei arbeidsgruppe som har i oppdrag å drive eit lokalt ROP nettverk. Arbeidsgruppe bør bestå av personar frå kommune, TSB og frå psykisk helsevern. Nettverket skal vere ei styrke for alle tilsette som arbeider inn mot ROP pasientar.

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til framlegg til samarbeidstruktur knytt til ROP pasientar

Samarbeidsrådet oppnemnder ... til å delta i forløpsgruppe ROP for samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde.